



# FYLKESMANNEN I ROGALAND

## Utdanningsavdelinga

Vår ref.: 2003/16912  
Arkivnr.: 321

Dykkar ref.:  
Vår dato : 24.02.2004

Ølen kommune  
Kommunehuset  
5580 ØLEN

Att. Arne Borgemyr

### Tilbakemelding etter kontakt- og tilsynsbesøk i Ølen kommune 30.10.2003

Utdanningsdirektøren hos Fylkesmannen i Rogaland var på kontakt- og tilsynsbesøk i Ølen kommune 30.10.03. Skolevurdering og kvalitetsutvikling var hovedtema for besøket. Temaet ble klargjort gjennom samtalar/intervju med representantar frå den politiske og administrative leiinga i kommunen, samt skoleleiarar, leiar for PP-tenesta og representantar for lærarar, foreldre og elevar frå Ølen skule og Vågen skule.

Følgjande personar deltok ved kontakt- og tilsynsbesøket:

Frå Ølen kommune	
Arne Bergsvåg	ordførar
Arild Karlsen	rådmann
Kjell Tore Helgeland	ass.rådmann
Arne Borgemyr	stabsrådgivar
Guri Ravatn	rektor Vågen skule
Tor Kalleklev	rektor Ølen skule
Gunnar Listog	leiar PPT-kontoret
Liv Ingunn Medhaug	lærar, tillitsvald Vågen skule
Thorleif Svanæs	lærar, hovudtillitsvald Ølen skule
Ove Eidsheim	foreldrerepresentant Vågen skule
Lars Ove Vestbø	foreldrerepresentant Ølen skule
Håvard Andreassen	elevrådsleiar Vågen skule
Martha Opstvedt	elevrådsrepresentant, skriver, Vågen skule
Kristian Heggebø	elevrådsleiar Ølen skule
Fredrik Hellervik Lothe	elev Ølen skule
Frå Fylkesmannen i Rogaland	
Svein Helgesen	utdanningsdirektør
Audun Gjerde	rådgivar
Marta Vignes Steine	rådgivar

## **Intervju/samtalar med fokus på lokal skolevurdering og kvalitetsutvikling**

Første del av kommunebesøket var sett av til strukturerte samtalar/intervju med rektorar, lærarar, foreldre og elevar ved Vågen skule, Ølen skule og med PP-leiar.

Samtalane tok utgangspunkt i eit sett av spørsmål som vert nytta ved kontakt- og tilsynsbesøk i alle kommunar. Fleirtalet av spørsmåla er felles for alle informantgruppene. Samtalane var organisert gruppevis. Hovudtema i samtalane er kommunen/skolane sitt arbeid med lokalt basert vurdering og kvalitetsutvikling, med utgangspunkt i Forskrift til Opplæringslova, §2-1:

*” Skolen og lærebedrifta skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og dei enkelte læreplanane for fag.*

*Kommunen og fylkeskommunen har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene.”*

Følgjande stikkordsmessige oppsummering frå samtalane gjev uttrykk for hovudinntrykk av arbeidet med lokal skolevurdering og kvalitetsutvikling.

- Kommunen manglar gode skriftleggjorde rutinar for skolevurdering. Kommunen har utarbeidd eit årshjul for betre å ivareta dette, men dette er ikkje tatt i bruk enno.
- Skolane har i noko grad skriftleggjorde rutinar for kartlegging/vurdering på fag. Mykje er likevel enkelttiltak som ikkje er sett inn i eit heilskapleg system for skolebasert vurdering.
- Kommunen har sett i verk systematisk satsing for å auke lese- og skrivedugleiken. Ølen skule har status som bonusskole med bakgrunn i målretta arbeid med sosial læreplan.
- Nord2-nettverket er engasjert med rettleiarar ved ein av skolane, med tilpassa opplæring som hovudfokus. Det er eit sterkt ønskje om å nytte kompetansen i Nord2 i vidare kvalitetsutviklingsarbeid.
- Erfaringsutveksling mellom skolane er i liten grad tatt i bruk som ledd i systematisk skolevurderings- og kvalitetsutviklingsarbeid.
- PPT er sentral aktør i lese- og skriveprosjektet, men synest elles å ha ei relativt perifer rolle i forhold til lokal skolevurdering og kvalitetsutvikling. Oppgåver knytt til enkeltelevar har førsteprioritet, og kontoret har i liten grad følgt opp på systemnivå. Noko av dette skuldast tidlegare vakanse ved kontoret.
- Foreldra synest å vere relativt tilfredse med informasjon og kontakt mellom skole og heim. FAU har utarbeidd eit hefte til bruk i samarbeidet med skolen.  
Klasseforeldremøta blir opplevd som viktige. Det er mest fokus på den gode dialogen – mindre på pedagogiske forhold. Det synest på vere lite tradisjon og rutinar for å engasjere foreldra i arbeidet med skolevurdering.
- Elevane gir positive tilbakemeldingar om skolen, spesielt det sosiale miljøet. Elevrådet har jamlege møter med leiinga på skolen. Elevane synest derimot i liten grad å bli trekt aktivt med i planlegging av sjølve læringsarbeidet. Dei er med på evaluering av prosjektarbeid og blir tatt med på råd med omsyn til meir praktiske forhold.

## Aktuelle saker/tiltak i skolane i Ølen – orientering og drøfting

Andre del av kommunebesøket var sett av til informasjon/drøfting av aktuelle tema som kommunen hadde uttrykt ønske om å setje på dagsorden.

### **Organisasjon og leiingsstruktur**

Ølen kommune hadde tidlegare eit skolekontor med 4 tilsette: skoleleiar, pedagogisk konsulent, barnehageleiar og kontorhjelp. I 2002 innførte kommunen ny organisasjonsstruktur, etter ein såkalla 2-nivåmodell. 17 resultateiningar, herunder skolane, er no lagde i direkte linje til rådmannen. Tidlegare pedagogisk konsulent er rektor på Vågen skule og skoleleiar er plassert i stab hos rådmannen, med 75% stilling øyremerka for skolesaker. Intensjonen er å overføre ressursar frå sentral skoleadministrasjon til den enkelte skolen.

Det er fatta vedtak om at Ølen i 2006 skal slåast saman med Vindafjord kommune. Prosessen er i gang, men ein er framleis litt "på vent" i forhold til avklaring av ei rekke forhold.

### **Resultat og ressursar**

Resultateiningane sender årlege resultatrapportar for verksemda gjennom ei eiga årsmelding. Så langt har denne i hovudsak hatt fokus på økonomi. Det er eit mål at ein i årsmeldingane etter kvart også skal omtale og vurdere meir kvalitative sider av verksemda.

I følgje statistiske data, Kostra og GSI, synest Ølen kommune å bruke relativt mykje ressursar på skole. Kommunen ligg over landsgjennomsnittet og snittet for kommunane i Rogaland. Samtidig slit kommunen med millionunderskot og høg gjeld og har ikkje oppsparte fonds. Nyinvesteringar må lånefinansierast.

### **Lokal skolevurdering**

Kommunen har idéar og planar for meir systematisk satsing på lokal skolevurdering. Eit årshjul for utviklings- og vurderingsarbeid er utarbeidd på kommunenivå, men er førebels ikkje tatt i bruk. Arbeid med skolevurdering og kvalitetsutvikling synest ikkje å ha noko forankring på politisk nivå.

Det er ein intensjon at alle skolane skal drive intern skolevurdering, helst med fokus på to vurderingsområde. Gjennom Nord 2-nettverket har no Ølen skule inne to eksterne vurderingsretteleiarar som ser nærmere på skolen sitt arbeid med tilpassa opplæring.

Kommunen har gjennom fleire år gjennomført lokalt utarbeidde trivselsundersøkingar. Den nasjonale nettundersøkinga "Elevinspektørene" er ennå ikkje tatt i bruk. Det blir no gjennomført ei felles kommunal satsing på lesing og skriving, i tett samarbeid mellom skolane og PP-tenesta.

Våren 1999 blei det sett ned ei arbeidsgruppe for å setje eit klarare fokus på foreldresamarbeidet. Det vart m.a. utarbeidd retningslinjer for samarbeid heim - skole. Dette arbeidet har ikkje blitt følt opp frå kommunen si side.

### **Tilpassa opplæring og spesialundervisning**

Ølen kommune har dei siste par åra arbeidd systematisk for å prøve å redusere talet på elevar

med enkeltvedtak om spesialundervisning etter §5 i Opplæringslova. Kommunen har utarbeidd ei samling av reglar, prosedyrar og skjema knytt til spesialpedagogisk sakshandsaming. Arbeidet har gitt tydelege utslag. Skoleåret 2002-2003 får ca. 3.3% av elevane i kommunen spesial- undervisning etter enkeltvedtak, mot ca. 8.5% året før. Samla ressursnivå til formålet er likevel relativt høgt.

Ansvaret for å handsame spesialundervisningssaker er av ressursomsyn lagt til skolefagleg ansvarleg. Dette blir problematisert frå kommunen si side. Elevane har i hovudsak fram til no fått dei ressursane som er tilrådd av PP-tenesta. Det har i inneverande år ikkje vore klager på den spesialpedagogiske tildelinga.

Dei spesialpedagogiske utfordringane er betydelege, med til dels tung problematikk. Fleire brukarar treng 100% spesialpedagogisk ressurs. Kommunen kjøper m.a. tenestar i andre kommunar for fleire elevar. Utagerande åferd er eit aukande problem, og kommunen etterlyser betre og meir tverrfaglege og utradisjonelle løysingar for denne elevgruppa enn den lokale offentlege skolen kan tilby.

Ølen har interkommunal PP-tenesta saman med Etne kommune. Dei 4 saksbehandlarane har inneverande år handsama 200 saker. Grunna stor vakanse har ein måtta prioritere individuelt sakkunnearbeid. No er kontoret fullt bemanna, og ein har intensjonar om i større grad å gi skolane rettleiing og hjelp i utviklingsretta arbeid. Lese- og skriveprosjektet "Les og skriv med lyst og liv", der Senter for leseforsking er ein samarbeidspartner, har prioritet i denne samanhengen.

### **Heimeundervisning**

Kommunen har oppfølgingsansvar for tilsyn med heimeundervisning i ein familie i kommunen. Det blir lagt vekt på god dialog med dei føresette, m.a. i samanheng med engasjement av ekstern tilsynsperson. Samtidig er kommunen opptatt av å ta det formelle tilsynsansvaret sitt på alvor, i tråd med intensjonane i Opplæringslova.

### **Oppsummering/vurdering**

Følgjande oppsummering/vurdering frå utdanningsdirektøren byggjer i hovudsak på inntrykka frå samtalar og informasjon under kontakt- og tilsynsbesøket, i tillegg til gjennomgang av skriftleg materiale innsendt frå kommunen i førekant av besøket.

*Ølen kommune framstår som ein kommune med klare ambisjonar når det gjeld vurdering og utvikling av den lokale skolen. Ressursdata i KOSTRA og GSI viser at lokalpolitikarane er opptekne av å prioritere ressursar til skolen. Systematisk prosjektsatsing på lese- og skrivedugleik, med Senter for Leseforskning som samarbeidspartner, er eit eksempel på dette. Utdanningsdirektøren vil også nemne Ølen skule sitt arbeid med sosial læreplan, som har medført at skolen har fått status som bonusskole. Ei slik utmerking heng høgt, og det er verdt å merke seg at elevrådsleiaren på denne skolen spesielt framheva det gode sosiale miljøet.*

*Kommunen har likevel betydelege utfordringar på skoleområdet. Det står mykje arbeid att for å utvikle gode og skriftleggjorde rutinar for lokal skolevurdering og kvalitetsutvikling, både på kommunalt nivå og den enkelte skolen. Utdanningsdirektøren vil oppfordre kommunen til å ta i bruk det utarbeidde årshjulet snarast råd er. PP-tenesta bør i endå sterkare grad, på brei front, trekkjast med i det systematiske vurderings- og utviklingsarbeidet.*

*Kommunenivået synest å mangle ressursar/kapasitet til å ta initiativ, samordne, følgje opp og gi rettleiing og støtte slik den enkelte skolen opplever det er behov for. I ei tid med meir fokus på kommunen sitt skoleeigaransvar vil dette bli ei stadig større utfordring. Sjølv om skolane blir meir og meir sjølvstyrte, treng dei hjelp og støtte både skolefagleg og juridisk.*

*Skrifileg dokumentasjon vitnar om at både kommunen og Ølen og Vågen skule har oversyn og gode skrifileggjorde rutinar på det spesialpedagogiske området. Kommunen fortener honnør for initiativet med å utarbeide eit eige hefte om lokal spesialpedagogisk sakshandsaming. Heftet med reglar, prosedyrar og skjema til bruk på eit krevjande arbeidsområde er på mange vis forbilledleg. På enkelte punkt treng ein å justere innhaldet i lys av lov og forskrifter. Utdanningsdirektøren vil i direkte dialog med kommunen medverke til dette.*

*Skolen synest, som i dei fleste kommunane, å ha ei utfordring når det gjeld å bli endå betre til å dra nytte av foreldre- og elevressursen i skolen. Kontakten mellom skole og heim vert opplevd som god, og trivselsundersøkingane viser at elevane trives godt. Skolane har likevel ikkje gode nok rutinar for å prøva å trekke dei endå meir aktivt med i det lokale vurderings- og utviklingsarbeidet.*

Utdanningsdirektøren vil avslutningsvis takke Ølen kommune for eit hyggeleg og godt tilrettelagt besök, god informasjon og konstruktiv dialog.

Med helsing

Svein Helgesen  
utdanningsdirektør

Marta Vignes Steine  
rådgivar

*Saksbehandlar: Marta Vignes Steine  
Saksbehandlars telefon: 51 56 87 27  
E-post: marta.vignes.steine@fm-ro.stat.no*